



Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

5105 REGNSKAPSTEORI

25. Mai 2010

Tid:	KL 09.00 – 13.00 (4 t.)
Målform:	Bokmål og nynorsk
Sidetal:	7 sider inklusive denne frontside
Hjelpemiddel:	Revisors Håndbok
Vedlegg:	Ingen

Eksamensresultata blir offentliggjort på nettet via Studentweb

BOKMÅL

4 klokketimer tilsvarer 240 minutter. Ved hver oppgave er det gitt et maksimalt antall minutter som det anbefales at du holder deg innenfor i besvarelsen av hver oppgave.

Oppgave 1 (120 minutter)

All økonomisk aktivitet risikerer å forurense miljøet som følge av utslipp til jord, vann og luft av farlige miljøgifter og gasser, støy, sterk belysning, uforsvarlig avfallhåndtering og andre skadelige "inngrep" i naturen (det ytre miljøet) og arbeidsmiljøet (det indre miljøet). Både private og offentlige foretak er juridisk og moralsk forpliktet til å ha oversikt over sine miljøeksponeringer, iverksette tiltak som begrenser miljørisikoen og informere sine ulike interessegrupper om hvilke konsekvenser foretakets miljøeksponeringer kan få for inntjeningen og verdioppbyggingen (i det private selskapet) og for tjenesteproduksjonen (i det offentlige foretaket). Til tross for sitt klare miljøansvar vurderer mange norske ledere fortsatt miljøskadekostnader som "eksterne og fremmede" for selskapets regnskaper og opptrer således innenfor et stort risikofelt. Miljøbelastninger kan uttrykkes som "miljøskadekostnader" og er et uttrykk for den samfunnsmessige degraderingen som skyldes bruk av en naturressurs som innsatsfaktor i produksjon og/eller ved å slippe ut en forurensende substans, men som ikke belastes det foretaket som bruker ressursen eller slipper ut forurensningene. Miljøskadekostnader fungerer som et godt mål på et foretaks miljøeksponeringer og tilhørende risiko.

Miljøskaderisikoen fremgår sjelden godt nok i foretakenes regnskaper, og er mangelfullt behandlet i de fleste økonomiske rapporter. Både iverksatte, foreslåtte og forventede miljøreguleringer representerer imidlertid betydelige og sterkt varierende kostnads- og risikobelastninger for mange foretak.

Miljøplanen bør være en integrert del av foretakets strategiplan og ha sitt tyngdepunkt i kjerneaktivitetene. Sammen med øvrige strategiske føringer skal miljøstyringen sikre at foretaket minimerer sin risiko, oppnår et høyt omdømme, når sine økonomiske mål og skaper økte verdier. Foretak som ikke har fokus på miljøeffektivitet i sin daglige styring risikerer å svekke sin konkurranseevne. I et privat foretak kan egenkapitalen bli redusert eller gå tapt uten at verken eierne, ledelsen eller andre har vært oppmerksom på omfanget av miljørisikoen før skaden er et sørgelig faktum. Høye miljøeksponeringer kan i verste fall føre til konkurser med store skadevirkninger for eiere, ansatte, banker og andre av foretakets interessegrupper.

Foretak og deres ledere motiveres imidlertid ikke til maksimal miljøinnsats kun gjennom trussel om økte offentlige virkemidler. Miljøengasjement er ikke lenger kun et spørsmål om å følge lover og forskrifter på miljøområdet eller å sikre seg positive presseomtaler. Det handler om å redusere foretakets risiko og sikre konkurransemessige fortrinn. Forutsetning er at hele foretakets organisasjon blir bevisstgjort om at høye miljøprestasjoner fører til økt konkurransekraft, høyere lønnsomhet og verdioppbygging samt mer miljøvennlig tjenesteproduksjon.

Kort sagt; ingen foretak enten de er private eller offentlige, store eller små, lokale eller globale, produsenter eller tjenesteytere, bør ignorere miljøsidene i sin planlegging, drift og rapportering.

Miljøeffektivitet er et begrep som blir mer og mer sentralt og viktig for investorer og andre interessenter rundt foretaket.

Du er revisor for et stort foretak som eies 49 % av private aksjonærer og 51 % av det offentlige. Du har gjennomført Revisorstudiet ved Høyskolen i Telemark hvor et du har blitt klar over viktigheten av miljøstyring og miljørapportering i offentlige og private foretak. Med bakgrunn i foretakets verdikjede og virksomhetsutøvelse vurderer du at risikoen er relativt høy for at foretaket direkte og indirekte kan komme til å påføre det indre og ytre miljøet betydelige skader. Du påpeker dette for styrets leder og foretakets administrerende direktør som ber deg å utarbeide et notat til styret hvor du:

- a) Med utgangspunkt i foretakets verdikjede forklarer hva du mener med direkte og indirekte miljøskader.
- b) Tar for deg følgende av foretakets "interessegrupper" - eiere, styret, ledelsen, ansatte, kunder, leverandører, banker, forsikringsselskaper, konkurrentene, de offentlige myndigheter og lokalsamfunnet / publikum - og peker på hvorfor hver av disse målgruppene er opptatt av foretakets miljørisiko.
- c) Beskriver hvilke argumenter som taler for at ledelsen i foretaket må ha sterk fokus på miljøeffektivitet /-risiko i den daglige drift og i sin interne og eksterne rapportering. Argumentene skal illustreres ved hjelp av de konkurransemessige fortrinn som all erfaring viser at miljøeffektive foretak oppnår.
- d) Beskriver hvilke krefter du mener at generelt er "hindrende" hhv. "fremmende" for et aktivt miljøengasjement.
- e) Foreslår en plan for hvorledes foretaket bør gå frem for å sikre at hele organisasjonen forstår formålet med og viktigheten av en aktiv miljøstyring.
- f) Anbefaler noen tiltak mht. hvorledes foretaket kan minimere sin indirekte miljørisiko.

Oppgave 2 (30 minutter):

- a) Diskuter kort hvilken innflytelse følgende aktører har på norsk regnskapsregulering:
 - Stortinget
 - Revisorene (for eksempel via Revisorforeningen)
 - Norsk RegnskapsStiftelse (NRS)
 - Regnskapsprodusentene (regnskapsførere og bedrifter m.m.)
 - Regnskapsbrukere (for eksempel investorer, analytikere og andre)
 - Oslo Børs
 - Domstolene
- b) I hvilken grad mener du at norsk regnskapslovgivning har god nok fokus på miljørisikoen i foretak, og hvilke tiltak mener du at eventuelt bør iverksettes for å skjerpe norske lederes fokus på aktivt miljøarbeid?

Oppgave 3 (30 minutter):

Det internasjonale rammeverket for regnskap er balanseorientert mens det norske er resultatorientert.

- a) Redegjør kort for hovedforskjellen mellom et balanseorientert og resultatorientert rammeverk.
- b) Vis de viktigste fordelene og ulempene du mener det er ved å bruke et balanseorientert versus et resultatorientert regnskapssystem sett fra en investors side.
- c) Hvorfor mener du det er viktig med fokus både på balanseorientering og resultatorientering når det gjelder miljørisikoen i et foretak?

Oppgave 4 (30 minutter):

- a) Hvilke formål hadde FASB (Financial Accounting Standard Board) for å lage et konseptuelt rammeverk?
- b) Basert på formålet med det konseptuelle rammeverket, som du har beskrevet under spørsmål a) i denne oppgaven, hvilke erfaringer har man høstet med innføringen av det konseptuelle rammeverket?
- c) Hvilke utfordringer ser du ved å skulle gå over til IAS / IFRS rammeverk?

Oppgave 5 (30 minutter):

Hvilke argumenter taler for at det er nødvendig at samfunnet regulerer regnskapsinformasjonen som gis fra selskapene?

NYNORSK:

4 klokke timar utgjer 240 minutt. Ved kvar oppgåve er det nemnt eit maksimalt tal minutt som det vert tilrådd at du held deg innanfor når du svarar på kvar oppgåve.

Oppgåve 1 (120 minutt)

All økonomisk aktivitet risikerer å forureine miljøet som følge av utslepp til jord, vatn og luft av farlege miljøgifter og gassar, støy, sterkt lys, uforsvarleg handsaming av avfall og andre skadelege "inngrep" i naturen (det ytre miljøet) og arbeidsmiljøet (det indre miljøet). Både private og offentlege føretak har juridisk og moralsk plikt til å ha oversyn over miljøeksponeringane sine, setje i verk tiltak som avgrensar miljørisikoen og informere sine ulike interessegrupper om kva konsekvensar miljøeksponeringane til føretaket kan få for innteninga og verdioppbygginga (i det private selskapet) og for tenesteproduksjonen (i det offentlege føretaket). Trass i sitt klare miljøansvar vurderer mange norske leiarar framleis miljøskadekostnader som "eksterne og framande" for selskapet sitt rekneskap og opptretr såleis innanfor eit stort risikofelt. Miljøbelastningar kan bli uttrykte som "miljøskadekostnader" og gjev uttrykk for den samfunnsmessige degraderinga som skuldast bruk av ein naturressurs som innsatsfaktor i produksjon og/eller ved å sleppe ut ein forureinande substans, men som ikkje blir belasta det føretaket som brukar ressursen eller slepper ut forureininga. Miljøskadekostnader fungerer som eit godt mål på føretakets miljøeksponeringar og tilhøyrande risiko.

Miljøskaderisikoen går sjeldan godt nok fram av rekneskapane til føretaka, og er mangelfullt omtala i dei fleste økonomiske rapportar. Miljøreguleringar, anten dei er sette i verk, føreslegne eller forventa, representerer likevel betydelege og sterkt varierende kostnads- og risikobelastningar for mange føretak.

Miljøplanen bør vere ein integrert del av føretaket sin strategiplan og ha tyngdepunktet sitt i kjerneaktivitetane. Saman med andre strategiske føringar skal miljøstyringa sikre at føretaket minimerer risikoen sin, får eit godt omdøme, når dei økonomiske måla sine og skaper auka verdiar. Føretak utan fokus på miljøeffektivitet i si daglege styring risikerer å svekke konkurransevna si. I eit privat føretak kan eigenkapitalen bli redusert eller gå tapt utan at korkje eigarane, leiinga eller andre har vore merksame på omfanget av miljørisikoen før skaden er eit sørgjeleg faktum. Høge miljøeksponeringar kan i verste fall føre til konkursar med store skadeverknader for eigarar, tilsette, bankar og andre av føretakets interessegrupper.

Føretak og leiarane deira blir likevel ikkje motiverte til maksimal miljøinnsats berre gjennom trugslar om sterkare offentlege verkemiddel. Miljøengasjement er ikkje lenger berre eit spørsmål om å følgje lovar og føresegnar på miljøområdet eller å sikre seg positive omtalar i media. Det handlar om å redusere føretakets risiko og sikre konkurransefortrinn. Føresetnaden er at heile føretakets organisasjon blir gjort medviten om at høge miljøprestasjonar fører til auka konkurransekraft, høgare lønsemd og verdioppbygging og ein meir miljøvenleg tenesteproduksjon.

Kort sagt: ingen føretak anten dei er private eller offentlege, store eller små, lokale eller globale, produsentar eller tenesteytarar, bør ignorere miljøriskane i si planlegging, drift og rapportering.

Miljøeffektivitet er eit omgrep som blir meir og meir sentralt og viktig for investorar og andre interessentar rundt føretaket.

Du er revisor for eit stort føretak som er eigd 49 % av private aksjonærar og 51 % av det offentlege. Du har gjennomført Revisorstudiet ved Høgskolen i Telemark, der du har blitt merksam på kor viktig miljøstyring og miljørapportering er i offentlege og private føretak. Med bakgrunn i føretakets verdikjede og verksemdsutøving vurderer du at risikoen er relativt høg for at føretaket direkte og indirekte kan kome til å påføre det indre og ytre miljøet betydelege skader. Du peikar på dette for styrets leiar og føretakets administrerande direktør som ber deg om å arbeide ut eit notat til styret der du:

- a) Med utgangspunkt i føretakets verdikjede forklarar kva du meiner med direkte og indirekte miljøskadar.
- b) Tar for deg følgjande av føretakets ”interessegrupper” - eigarar, styret, leiinga, tilsette, kundar, leverandørar, bankar, forsikringsselskap, konkurrentane, offentlege styresmakter og lokalsamfunnet / publikum - og peikar på kvifor kvar av desse målgruppene er opptekne av føretakets miljørisiko.
- c) Omtalar kva argument som talar for at leiinga i føretaket må ha sterkt fokus på miljøeffektivitet /-risiko i den daglege drifta og i si interne og eksterne rapportering. Argumenta skal illustrerast ved hjelp av dei konkurransefortrinna som all røynsle viser at miljøeffektive føretak oppnår.
- d) Beskriv kva krefter du meiner generelt er ”hindrande” og ”fremjande” for eit aktivt miljøengasjement.
- e) Gjer framlegg om ein plan for korleis føretaket bør gå fram for å sikre at heile organisasjonen forstår formålet med ei aktiv miljøstyring og kor viktig det er.
- f) Tilrår nokre tiltak med tanke på korleis føretaket kan minimere sin indirekte miljørisiko.

Oppgåve 2 (30 minutt):

- a) Diskuter kort kva påverknad desse aktørane har på norsk rekneskapsregulering:
 - Stortinget
 - Revisorane (til dømes via Revisorforeningen)
 - Norsk RegnskapsStiftelse (NRS)
 - Rekneskapsprodusentar (rekneskapsførarar og føretak m.m.)
 - Rekneskapsbrukarar (til dømes investorar, analytikarar og andre)
 - Oslo Børs
 - Domstolane

- b) I kva grad meiner du at norsk rekneskapslovgjeving har godt nok fokus på miljørisikoen i føretak, og kva tiltak meiner du at eventuelt bør setjast i verk for å skjerpe norske leiarars fokus på aktivt miljøarbeid?

Oppgåve 3 (30 minutt):

Det internasjonale rammeverket for rekneskap er balanseorientert medan det norske er resultatorientert.

- a) Gjer kort greie for hovudskilnaden mellom eit balanseorientert og eit resultatorientert rammeverk.
- b) Vis dei viktigaste føremonene og ulempene du meiner eksisterer ved bruk av eit balanseorientert versus eit resultatorientert rekneskapssystem sett frå ein investors side.
- c) Kvifor meiner du det er viktig å ha fokus både på balanseorientering og resultatorientering når det gjeld miljørisikoen i eit føretak?

Oppgåve 4 (30 minutt):

- a) Kva føremål hadde FASB (Financial Accounting Standard Board) med å lage eit konseptuelt rammeverk?
- b) Basert på føremålet med det konseptuelle rammeverket, som du har omtala under spørsmål a) i denne oppgåva, kva røynsler har ein hausta med innføringa av det konseptuelle rammeverket?
- c) Kva utfordringar ser du ved å skulle gå over til IAS / IFRS rammeverk?

Oppgåve 5 (30 minutt):

Kva argument talar for at det er naudsynt for samfunnet å regulere rekneskapsinformasjonen som vert gjeven frå selskapa?